


Om Ål Kommune



Motivet i kommunevåpenet er "Åkle-mønster" frå Ål.

Dei tre mønstra symboliserer samstundes dei tre kyrkjesokna i kommunen med tettstadane Sundre, Leveld og Torpo.

Ål i Hallingdal - ei fjellbygd midt i Sør-Norge

Generell informasjon

- 4800 menneske
- 1173 kvadratkilometer.
- 19,8 mil til Oslo
- 26 mil til Bergen
- riksveg 7 og Bergensbanen passerar Ål
- tettstaden Sundre er sentrum i Ål
- tre kyrkjesokn; Ål, Torpo og Leveld
- fire barneskular og ein ungdomsskule
- sju barnehagar, av dei to private, god dekking
- Ål vidaregåande skule med avd. Ål og Lien på Torpo
- Ål folkehøgskule for døve, Bakketeigen
- Hallingdal Sjukestugu
- Mange store årlege arrangement



Reiseliv

Reiselivet har i Ål ein annan profil enn i dei andre bygdene i Hallingdal. Utanom Hallingdal Feriepark og Thon Hotel Hallingdal har ikkje Ål dei store turistbedriftene, men her er mange mindre familiedrivne overnattingsstader. Ål er ei stor hyttekommune med om lag 2.800 hytter og mange hyttetomter til sals.

Kulturbygda

Kulturlivet har lange tradisjonar og mange uttrykk. I 1992 vart det bygd eit regionalt kulturhus som har markert Ål og Hallingdal på kulturkartet både med spennande eigenproduksjonar og gjestande artistar av høg internasjonal kvalitet. Ål Kulturhus gir ringverknader med tanke på kultur som næringsveg, og saman med avisat Hallingdølen og nyetablerte bedrifter har kultur, media og IKT blitt eit viktig satsingsområde for bygda.

Næringsliv

Ål er ei tradisjonell landbruksbygd, største husdyrkommunen i Buskerud. Hallingdal Sjukestugu med sitt sjukehustilbod til dalen i tillegg til det kommunale helsestellet, gjev bygda stor helseekspertise og mykje helsepersonell. Skulesenter med Ål vidaregåande skule, Lien Landbrukskule og Ål Folkehøgskule og kurssenter for døve. Industriverbsemder ved Kleivi Næringspark, Torpo Næringshage, Gullhagen og Oppsjø har styrka Ål som industrikkommune. Kleivi Næringspark er under utviding og der er gjort store infrastruktur-investeringar og lagt til rette for salg av mange nye næringstomter. Ål er leiande i Hallingdal innafor byggebransjen, med fleire store entreprenørfirma og andre firma innan bygg- og anleggsbransjen.

Kontaktinformasjon Ål Kommune:

Torget 1, 3570 Ål / Tlf. 32 08 50 00 / servicetorget@aal.kommune.no / www.aal.kommune.no